



Jentegruppa frå Uskedalen og andre bygder samla i målområde saman med høgdehopparen Steinar Hoen.

Alle 32 jentene i bussen er vel heme frå ein vellukka tur til Oslo på KK mila. Alle sprang og gjennomførte på individuelle sterke tider. Steinar Hoen stod i målområde og tok mot alle med helsingar. Han var imponert over prestasjonen frå jentegruppa i Uskedalen og nabobygdene.

KK mila er det som i mange år var Grete Waitz løpet. Seinare har vekebladet Kvinner og Klær vore arrangør. Anette Sund var turleiar og med eigen buss vart ein køyrde til og frå Bislett stadion og hotellet Børs Park.

Eit anna kjend løp har også vore i denne helga. Det er Knarvik mila. Karin Tungesvik var ein av fleire deltakarar frå Kvinnherad. Uskedalen.no kjem tilbake med bilete og informasjon.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Med løyve frå løparane